

Har du spørsmål?

Kontakt

*Koordinerande eining i Luster kommune
v / konsulent for menneske med nedsett funksjonsevne*

Telefon: 57 68 57 15


Kontor: Helsecenteret, 2. etg

Adresse: Tenestekontoret, Postboks 104, 6866 GAUPNE

Dersom du ikke veit korleis du skal komme i kontakt med koordinerande eining, kan du spørje helsepersonell eller ringje kommunen/sjukehuset sitt sentralbord

Dersom du meiner at du stettar krava til å få individuell plan og koordinator, men får avslag, kan du klage til fylkesmannen.

Les meir om individuell plan og koordinator på
www.helsedirektoratet.no og www.helsenorge.no




Ditt liv, din plan

Til deg som kan ha behov for langvarige og koordinerte tenester

IS-2805

 Helsedirektoratet


Individuell plan og koordinator kan vere noko for deg



Kva er individuell plan?

Individuell plan skildrar korleis tenestene du treng skal virke saman slik at du får ein heilskapleg oppfølging. Planen er basert på dine behov og det som er viktig for deg. Planen angir dine mål, kva som skal gjerast, kven som har ansvar for kva og til kva tid. Oppfølging frå andre sektorar som NAV, skule og barnevern blir inkludert i planen når dette er aktuelt.

Kva vil det sei for deg å ha ein individuell plan og koordinator?




- Du blir involvert, og planen er basert på dine mål.
- Du har éin koordinator som har oversikt over din situasjon.
- Du får ikkje nødvendigvis fleire tenester, men du får koordinerte tenester som samarbeider.
- Du bestemmer kva for opplysningar som blir delt mellom tenestene.

Du opplever at tenestene heng saman slik at du kan nå dine mål

... og kva er ein koordinator?

Koordinator er ein av dine fagpersonar som koordinerer tenestene og sikrar framdrift i arbeidet med din individuelle plan. Koordinator syt for at du, og eventuelt pårørande, blir involvert tett i arbeidet med din plan. Ulike yrkesgrupper kan ha rolla som koordinator. Ditt ønskje skal vektleggast ved val av koordinator.




Kven kan få individuell plan og koordinator?

- Alle som har behov for fleire helse- og omsorgstenester over ei viss tid. Behovet treng ikkje å vere varig.
- I vurderinga av behovet for langvarige og koordinerte tenester skal også tiltak frå andre sektorar inkludera.
- Personar i alle aldrar og uavhengig av diagnosar og/eller type funksjonsutfordringar.

Korleis få individuell plan og koordinator?

Personell i tenestene skal informera og tilby deg individuell plan og koordinator. Du eller dine pårørande kan også sjølv be om det. Då kan du kontakte koordinerande eining i din kommune*. Du kan få koordinator sjølv om du takkar nei til individuell plan.



Viss du er innlagt på sjukehus skal sjukehuset tilby deg koordinator, melde behovet for individuell plan vidare til kommunen og ved behov bidra i gjennomføring av planen.

* Sjå informasjon om koordinerande eining på baksida